



Rapport over MDG gruppa sin aktivitet 2017

MDG gruppen har bestått av Natalia Golis, Øyvind Strømmen, Karina Registad, Nils-Anders Nøttseter, Janne Brurarøy, Kyrre Sørensen og Tom S. Tomren.

Tomren har vore gruppleiar, Golis har vore gruppesekretær med ansvar for samferdsel og for referat og arkiv, Strømmen har vore gruppesekretær med ansvar for oppvekst og helsesakar.

Økonomi og godtgjørrelser

Golis er tilsett av gruppa og får eit grunnbeløp fra budsjettet. Strømmen likeeins. Tomren får utbetalt gruppeleiarstøtte direkte fra HFK. I tillegg får representantene utbetalt eit månedlig honorar (sjå rekneskap)

Varamedlemmene får utbetalt 500,- som møtegodtgjersle for kvart møte dei stiller på i gruppa.

Gruppa sine aktivitetar har vore følgjande:

- Jamlege gruppemøter. Med eit par unntak har gruppa inklusive vara hatt møter før kvart møte i fylkesutvalet og før kvart møte i fylkestinget. Møta har i hovudsak vore heldt som fysiske møter enten i Samnanger eller i Bergen. Gruppemøta og vedtaka der er referatført i møtereferat og i excel-ark (som viser kva gruppa sine medlemmer har tenk i den enkelte saken)
- Involvering av medlemmer og lokallag. Gruppa har prøvd å involvere andre folkevalde gjennom å invitere dei til å uttale seg om fylkestinget, fylkesutvalet og fagutvals-sakar ved hjelp av epostar og FB. Ved større sakar (som til dømes regionssamanslåinga) har gruppa invitert alle lokallag til drøftingsmøte. Oppmøte på denne typen samlingar har vore på om lag 10-15 personar.
- Inspirasjonssamling for fylkespolitikarar. For å få nye idear, for å dele erfaringar og for å utvikle ny region-politikk bidrog gruppa til oppstart av distriktspolitisk nettverk. I 2017 var vi med på å arrangere ei oppstart-samling for dette nettverket. Dette var ei helg på Stjørdal. Frå oss deltok Golis og Tomren.
- Samvirke med fylkeslaget. I følgje vedtektene har gruppeleiar møterett i fylkesstyret. I tillegg er Golis valt som leiar av fylkeslaget. Fylkesstyret får også tilsendt innkallingane, med høve til å kommentere sakane i fylkesutvalet og på fylkestinget.
- Informasjonsformidling. I første halvdel av 2017 posta gruppa aktivt om eigen aktivitet på MDG Hordaland si FB-side, men som ei følgje av ny mediestrategi og nye føringar for bruk av FB fram mot stortingsvalet blei dette mediet brukt mindre av gruppa. Dei einskilde medlemmene i gruppa har òg vore oppfordra til å bruke media aktivt for å promotere gruppa sin politikk. Sidan 2017 var val-år, var mykje av partiet sin mediakapasitet retta mot stortingsvalet, noko som nok medførte at fylkestingsgruppa blei noko mindre synleg i media enn åra før.

Politisk

MDG er eit opposisjonsparti, men vi inngikk desember 2016 eit eittårig budsjettssamarbeid med posisjonen. Dette fikk konsekvensar for 2017-budsjettet. For MDG var det spesielt gledeleg å sjå effekten av ei auke i klimabudsjettet, og det var gledeleg å registrere at fylkeskommunen sine Co2-utslepp no går ned. Ei anna historisk hending har vært samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylke. MDG har fått delta i fellesnemnda, og det har vore jamnleg epost-kontakt mellom gruppeleiarane i de to fylka.

For MDG gruppa på Hordaland fylkesting 22.06.2017

Tom S. Tomren